



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	07.07.2015
Tid:	13:30 – 19:10

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Margaret Leinebø	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Sigurd Voldsund Nygard	Margaret Leinebø	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Svein Gjølseth	Per Kristian Furø	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy
Leiar bu- og habiliteringsavdelinga Renathe Rossi-Kaldhol
Seksjonsleiar NAV May Gunn Ertesvåg

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:
Kjell Runde og Henry Jøsokbakke

Det vart orientert om:

- Organisasjonsendringsprosessar - utviklingsavdelinga/anlegg- og driftsavdelinga v/rådmann Olaus-Jon Kopperstad og utviklingsleiar Jarl-Martin Møller.
- Tur- og aktivitetstilbod for eldre.

underskrifter

Kjell Runde

Arnulf Goksøy
ordfører

Henry Jøsokbakke

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 127/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 128/15	Protokoll frå førre møte
PS 129/15	Delegerte saker
PS 130/15	Referatsaker
PS 131/15	Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by - sluttrapport frå prosjektet
PS 132/15	Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka 23/3 - Oppstart av privat planarbeid
PS 133/15	Detaljreguleringsplan for Teige gnr.5 bnr.3 mfl. - oppstart av planarbeid
PS 134/15	Regulering av næringsområde i Myrvåg - avklaring
PS 135/15	Prioritering av utbyggingsoppgåver - innspel til budsjettprosessen
PS 136/15	Kommunen sitt inntekspotensiale når det gjeld gebyr, brukarbetalingar, eigedomsskatt etc
PS 137/15	Utlysing av stilling for miljøarbeidar på dagsenter for personar med demens
PS 138/15	Løyve til utlysing av 100 % fast stilling som bustadkonsulent i eigedomsavdelinga
PS 139/15	Spørsmål om busetjing av familie med spesielle behov frå Syria
PS 140/15	Søknad om startlån
PS 141/15	Søknad om startlån
PS 142/15	Søknad om startlån
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 8/15	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning - Fosnavåg Rock 2015
DS 9/15	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket arrangement)
DS 10/15	Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)
	Referatsaker
RS 34/15	Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 10.06.15
RS 35/15	Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess
RS 36/15	Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015
RS 37/15	Herøy kyrkjelege fellesråd - Driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2014. Årsmelding 2014.
RS 38/15	Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme
RS 39/15	Alkoholomsetting 2014

RS 40/15

Uttale til høyring - "Veivalg for fremtidig kirkeordning."

RS 41/15

Protokoll frå generalforsamling 18.05.2015 i Hareid Fastlandssamband.

PS 127/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 128/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 129/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 130/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 131/15 BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY - SLUTTRAPPORT FRÅ PROSJEKTET

Møtebehandling:

Camilla Storøy (Krf) kom med framlegg om slikt tillegg til rådmannen si tilråding:

«Når utviklingsavdelinga har oppsummert tilbakemeldingane etter at presentasjonen av rapporten har vore ute blant befolkninga, legg vi til grunn at det blir arrangert eit folkemøte.»

Rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget frå Camilla Storøy (Krf) vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet tek sluttrapport frå byutviklingsprosjektet til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med prosjekt knytt til område :

- Vågsplassen
- Byromstrategi
- Parkering
- Mobilitet
- Tiltak som kan etablerast på kort sikt.

Aktuelle tiltak som bør innarbeidast i komande økonomiplan periode vert å legge fram i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet for periode 2016-2019.

Det skal etablerast ei tverrpolitiske gruppe som sikrar ei breiast mogleg politisk forankring i det vidare byutviklingsarbeidet. Næringslivet og regionale aktørar vert invitert med i det vidare arbeidet i å utvikle Fosnavåg til ein spydspiss innan berekraftig byutvikling.

Når utviklingsavdelinga har oppsummert tilbakemeldingane etter at presentasjonen av rapporten har vore ute blant befolkninga, legg vi til grunn at det blir arrangert eit folkemøte.

PS 132/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA 23/3 - OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område «Gjertnesmarka» gnr. 23 bnr. 3 i Herøy kommune.

PS 133/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGE GNR.5 BNR.3 MFL. - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for Teige gnr. 5 bnr. 3 på Nerlandsøy med basis i skissert planavgrensing, journalført 16.06.2015.

PS 134/15 REGULERING AV NÆRINGSOMRÅDE I MYRVÅG - AVKLARING

Møtebehandling:

Leiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide frå utviklingsavdelinga møtte i saka.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet meiner utvikling av næringsområda i Myrvåg må gjennomførast i kommunal regi og at kommunen skal gå i forhandlingar om grunnkjøp, og seinare regulering, utbygging/tilrettelegging og sal av tomter innanfor område N3, N4 og N26 i Myrvåg.

PS 135/15 PRIORITERING AV UTBYGGINGSOPPGÅVER - INNSPEL TIL BUDSJETTPROSESSEN

Møtebehandling:

Kjell Runde (Folkelista/SP) kom med slikt tillegg til rådmannen si tilråding:

«Dragsundfeltet vert utvida med 6 – 8 tomter. Arbeidet bør startast opp i 2016, seinast i 2017.»

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt tillegg i rådmannen si tilråding:

«Arhaug – ledige tomter, men ikkje byggeklare.

Tilråding: Her er godkjend reguleringsplan. Ein rår til at det vert tilrettelagt for 10 – 12 nye tomter slik grendalaget har søkt om.»

Idar Tarberg (H) kom med slikt tillegg i rådmannen si tilråding:

«Leidningsnett kloakk Moltu II skal oppførast under kommunale anleggsprosjekt med prioritet i budsjettet for 2016.»

Rådmannen si tilråding med tilleggssframlegga ovanfor vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet tek innspela til vitande og legg desse til grunn i sitt vidare budsjettarbeid for periode 2016-2019, med slike endringar:

- Dragsundfeltet vert utvida med 6 – 8 tomter. Arbeidet bør startast opp i 2016, seinast i 2017.
- Arhaug – ledige tomter, men ikkje byggeklare.
Tilråding: Her er godkjend reguleringsplan. Ein rår til at det vert tilrettelagt for 10 – 12 nye tomter slik grendalaget har søkt om.
- Leidningsnett kloakk Moltu II skal oppførast under kommunale anleggsprosjekt med prioritet i budsjettet for 2016.

PS 136/15 KOMMUNEN SITT INNTEKTSPOTENSIALE NÅR DET GJELD GEBYR, BRUKARBETALINGAR, EIGEDOMSSKATT ETC

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet legg til grunn at det kan verte krevjande å få til eit budsjett i balanse for 2016 og at det difor vil vere nødvendig å gjennomføre ei kritisk vurdering av både utgifts- og inntektssida i budsjettet. Formannskapet legg vidare til grunn at i denne situasjonen kan brukarbetaling og gebyr ikkje ligge under nivået i nabokommunane.

PS 137/15 UTLYSING AV STILLING FOR MILJØARBEIDAR PÅ DAGSENTER FOR PERSONAR MED DEMENS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet gir løyve til tilsetting i vakant stilling som 50% miljøarbeidar ved Dagaktivitetssenter for demente.

PS 138/15 LØYVE TIL UTLYSING AV 100 % FAST STILLING SOM BUSTADKONSULENT I EIGEDOMSAVDELINGA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 07.07.2015

Formannskapet gir løyve til å lyse ut ledig 100 % fast stilling som bustadkonsulent i eigedomsavdelinga.

PS 139/15 SPØRSMÅL OM BUSETJING AV FAMILIE MED SPESIELLE BEHOV FRÅ SYRIA

PS 140/15 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 141/15 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 142/15 SØKNAD OM STARTLÅN

MØTET SLUTT KL. 19:10.

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 8/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning - Fosnavåg Rock 2015 08.06.2015 00:00:00

DS 9/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket arrangement) 11.06.2015 00:00:00

DS 10/15 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling) 24.06.2015 00:00:00

REFERATSAKER

RS 34/15 Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 10.06.15 Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 10.06.15 11.06.2015 00:00:00

RS 35/15 Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess 17.06.2015 00:00:00

RS 36/15 Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015 Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015 25.06.2015 00:00:00

RS 37/15 Herøy kyrkjelege fellesråd - Driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2014. Årsmelding 2014. Herøy kyrkjelege fellesråd - Driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2014. Årsmelding 2014. 20.05.2015 00:00:00

RS 38/15 Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme 25.06.2015 00:00:00

RS 39/15 Alkoholomsetting 2014 Alkoholomsetting 2014 08.06.2015 00:00:00

RS 40/15 Uttale til høyring - "Veivalg for fremtidig kirkeordning." Uttale til høyring - "Veivalg for fremtidig kirkeordning." 25.06.2015 00:00:00

RS 41/15 Protokoll frå generalforsamling 18.05.2015 i Hareid Fastlandssamband. Protokoll frå generalforsamling 18.05.2015 i Hareid Fastlandssamband. 18.05.2015 00:00:00